



## MØTEBOK

<b>Organ</b>	<b>Hovudutval for kultur</b>
<b>Møtestad</b>	<b>Kulturavdelinga, Prestebøen 8</b>
<b>Møtedato</b>	<b>29.08.2007</b>
<b>Kl.</b>	<b>10.00 – 13.00</b>

**Faste medlemmer til stades:**

**Norvall Nøringset, SV, leiar**  
**Cecilie Thaulé Løvlid, AP, nestleiar**  
**Harry Mowatt, Ap**  
**Jenny Følling, Sp**  
**Nils Gjerland, Sp**  
**Liv Stave, H**  
**Rolf Nesheim, V**  
**Norunn Lunde Furnes, KrF**

**Forfall til møtet:**

**Linda Kandal, Sp**

**Varamedlemmer til stades:**

**Amund Soltveit, Sp**

**Til stades med tale-/framleggsrett:**

**Fylkesdirektør Ingebjørg Erikstad**

**Andre til stades:**

**Ass. fylkesdirektør Svein Arne Skuggen Hoff**  
**Rådgevar Anita Solbakken**

**Sekretariat for møtet:**

**Helga Bjørkhaug**

Ingen merknader til innkalling og sakliste.

Tilleggssakliste sak 41/07 Kultursamarbeid – Vestlandsrådet vart lagt fram i møtet.

Møtebok frå 20.06.07 vart godkjend utan merknader.

**SAK 35/07 Nordfjord skisenter AS - klage på avslag om spelemidler til anl.nr. 1443 0010 15, Harpefossen snøproduksjonsanlegg**

**VEDTAK:**

1. Klagen frå Nordfjord Skisenter A/S over hovudutvalet sitt vedtak i HK-sak 24/07 vert teken til følgje.
2. Det vert ytt eit tilskot på kr. 400 000 i 2007, med restløyving i 2008 under føresetnad av ny søknad, og at anlegget er prioritert frå Eid kommune.

-----  
**SAK 36/07 Skavøypoll IL, fotballgr. - klage på avslag av spelemidler til anl.nr. 1439 0016 01 Skavøypoll stadion, kunstgrasbane**

**VEDTAK:**

1. Klage frå Skavøypoll IL over hovudutvalet sitt vedtak i sak 24/07 over manglande tildeling av spelemidler til Skarvøypoll stadion vert ikkje teken til følgje.
2. Saka vert sendt kultur og kyrkjedepartementet for endeleg avgjerd

-----  
**SAK 37/07 Vidare samarbeid om forfattarstipend**

**Frå fylkesdirektøren låg det føre slik tilråding til vedtak:**

**Fylkesdirektøren rår hovudutval for kultur til å gjere slikt vedtak:**

1. Skisse til vedtekter for kunstnarstipend i Ole Johan Grønskag sitt namn vert godkjend med dei justeringar som er nemnde i saka.
2. Fylkesdirektøren får delegert mynde til å peike ut representant til å sitje i fagjuryen.

**Endringsframlegg:**

Framlegg frå Harry Mowatt, Ap til tillegg under pkt. 2 (*kursiv*):

2. Fylkesdirektøren får delegert mynde til å peike ut representant til å sitje i fagjuryen, *samt justere vedtektene i samsvar med innspela frå hovudutvalet.*

**Avrøysting:**

Tilrådinga med framlegget frå Mowatt vart samrøystes vedteke.

**Dette gir følgjande VEDTAK:**

1. Skisse til vedtekter for kunstnarstipend i Ole Johan Grønskog sitt namn vert godkjend med dei justeringar som er nemnde i saka.
2. Fylkesdirektøren får delegert mynde til å peike ut representant til å sitje i fagjuryen, samt justere vedtektene i samsvar med innspela frå hovudutvalet.

-----  
**SAK 38/07            Kulturutviklingsmidlar 2007 - ny tildeling**

**Frå fylkesdirektøren lág det føre slik tilråding til vedtak:**

**Fylkesdirektøren rår hovudutval for kultur til å gjere slikt vedtak:**

1. Det vert løyvd kr 370 000 til kulturutviklingstiltak med følgjande fordeling:
  - a) Sogn og Fjordane Kunstmuseum; regionale sekretariatsoppgåver i samband med Nasjonale Turistvegar si kunstsatsing; kr 75 000
  - b) Nynorske Litteraturdagar 2007, Aurland; kr 75 000
  - c) Nasjonalt senter for Countrymusikk, Gloppen – forprosjekt; kr 150 000
  - d) Sogn og Fjordane 4H; Ung framtid; vert avslegen.
  - e) Sogn Filmsenter; vidareutvikling Spelefilmprosjektet "Hemnen"; kr. 70 000
2. Budsjettdekning ansvar 1 500 181 utviklingsmidlar.
3. Vilkår for utbetaling av tilskot er at godkjende planar, rapportar, rekneskap, e.l. som gjeld det  
einskilde tiltak vert lagd fram, og at vilkår elles knytt til løyvinga vert oppfylt.

Endringsframlegg:

Framlegg frå Arbeidarpartiet, Sosialistisk Venstreparti, Senterpartiet og Høgre til utsetjing av pkt. d: Sogn og Fjordane 4H:

Framlegg til endring frå Norunn L. Furnes, KrF under pkt. d:  
Sogn og Fj. 4H; Ung framtid: kr 100 000.

Framlegg til endring frå Arbeidarpartiet, Sosialistisk Venstreparti og Senterpartiet under pkt. e:  
Sogn Filmsenter; vidareutvikling Spelefilmprosjektet "Hemnen": kr 170 000.

**Avrøysting:**

Pkt. a-c vart samrøystes vedtekne.

Utsetjingsframlegget for pkt. d fekk 8 røyster og vart dermed vedteke. Norunn L. Furnes røysta imot.

Det vart røysta alternativt over fylkesdirektøren si tilråding og endringsframlegg frå Ap, SV og Sp under pkt. e:

Fylkesdirektøren si tilråding fekk 2 røyster (Furnes og Stave). Framlegget frå Ap, SV og Sp fekk 7 røyster og vart dermed vedteke.

Pkt 1 – 3 med vedtekne endringar vart samrøystes vedteke.

**Dette gir følgjande VEDTAK:**

1. Det vert løyvd kr 470 000 til kulturutviklingstiltak med følgjande fordeling:
  - a) Sogn og Fjordane Kunstmuseum; regionale sekretariatsoppgåver i samband med Nasjonale Turistveggar si kunstsatsing; kr 75 000
  - b) Nynorske Litteraturdagar 2007, Aurland; kr 75 000
  - c) Nasjonalt senter for Countrymusikk, Gloppen – forprosjekt; kr 150 000
  - d) Sogn og Fjordane 4H; Ung framtid; vert utsett til neste møte.
  - e) Sogn Filmsenter; vidareutvikling Spelefilmprosjektet "Hemnen"; kr. 170 000
2. Budsjettdekning ansvar 1 500 181 utviklingsmidlar.
3. Vilkår for utbetaling av tilskot er at godkjende planar, rapportar, rekneskap, e.l. som gjeld det  
einskilde tiltak vert lagd fram, og at vilkår elles knytt til løyvinga vert oppfylt.

-----  
**SAK 39/07            Knutepunktoppdrag - høyringsuttale**

**VEDTAK:**

Sogn og Fjordane fylkeskommune har ikkje innvendingar til kriteriar for knutepunktoppdrag slik det ligg føre i brev av 22.06.07 frå KKD.

-----  
**SAK 40/07            Skriv og meldingar**

**VEDTAK:**

1. Mangfaldsåret 2008
2. Invitasjon til oppstartmøte for Mangfaldsåret 2008

3. Høyringsdokument - Kulturstrategi for Sogn og Fjordane 2008 - 2011
4. Den kulturelle skulesekken. Melding om fordeling av spelemidlar for skuleåret 2007/2008
5. Tusenårsstaden Gulatinget - Referat frå møte 16.04.07
6. Eid kommune - gjeld søknad om spelemidlar 2007
7. Husflidskonsulenten- næringsretta tiltak og entreprenørskap i skulen
8. St.meld. nr. 39 Frivillighet for alle
9. Malakoff Rockfestival - fylkeskommunal medfinansiering
10. Den Norske Kulturbåten 2007 – informasjon / årsmelding 2006 og protokoll frå generalforsamling 15.06.07
11. Distriktene frem i kulturlyset, kommentar i Bergens Tidende

Notat til drøfting:

12. Budsjett 2008/ økonomiplan 2008 – 2011 Kultur – prioriteringar

Lagt fram i møtet:

13. Invitasjon frå Gerd Endestad til offisiell opning av Kunsthuset i Rimstaddalen fredag 24. august.
14. Strategiplan juni 2007 frå Kunnskapsdepartementet. Skapende læring. Strategi for kunst og kultur i opplæringa 2007 – 2010.
15. Handlingsplan Kultur og næring får Nærings-og handelsdept., Kommunal- og regionaldept. og Kultur- og kyrkjedep.

---

**SAK 41/07                      Kultursamarbeid - Vestlandsrådet**

**VEDTAK:**

Hovudutval for kultur sluttar seg til at dei fire områda Kulturnettsamarbeid, "Tool quiz", The North Sea Trail (Nordsjøløypa) og matkultur/lokal mat er aktuelle temaområde å utvikle eit nærare konkret samarbeid på gjennom Vestlandsrådet.

---